

Sak 16-23 Retningslinjer for nedgravde avfallsanlegg - revisjon

Tilråding til vedtak:

1. Styret vedtek det framlagde utkastet til reviderte retningslinjer for nedgravde avfallsanlegg.

Saksutgreiing:

Styret i VØR vedtok i sak 29-18 reviderte retningslinjer for nedgravde avfallsanlegg. Situasjonen då var at ein ynskte fleire nedgravde anlegg, og ein hadde fokus på å stimulere til etablering td gjennom å bidra med tilskot. Vi ser no at det må fokuserast sterkare på funksjonelle anlegg og klare avtalar, og det er ein viktig grunn til at retningslinjene no vert tekne opp til revisjon.

Erfaringar har vist at desse retningslinjene frå 2018 ikkje lenger er tenlege og gode nok, og det er difor føreteke ein gjennomgang og utarbeidd reviderte retningslinjer. Målet er å ha klårare og meir eintydige krav som er lett å forhalde seg til, både i planprosess og i utbyggingsprosess. Etter at retningslinjene er vedtekne, ynskjer administrasjonen å distribuere og gjennomgå dei i fellesskap med eigarkommunar, plankonsulentar og utbyggarar.

I april vart det 18. nedgravde avfallsanlegget i vårt område driftssett. Det er stor byggeaktivitet i sentrumsområda i Volda og Ørsta, og per no kjenner vi til ytterlegare sju anlegg under planlegging eller etablering. Samfunnsutviklinga er slik at det vert etablert relativt mange nye fortetta bustader, leilegheiter og bustadsameiger. Der er nedgravde avfallsløysingar ofte eit naturleg val for å unngå eit stort mylder av dei tradisjonelle avfallsdunkane. Dette er ei utvikling som er venta å halde fram, og det er difor viktig å ha klare og eintydige retningslinjer. Erfaringane frå siste tida er at det trengs ei langt betre involvering tidleg, både i plan- og byggeprosessen, for å få til gode og velfungerande anlegg. Mange av dei driftsutfordringane vi opplever i dag med vatn i brønnar, vanskeleg vedlikehald og dårleg tilkomst kunne vore løyste med betre dialog og klarare føringar i etableringsfasen.

Dei reviderte retningslinjene er i stor grad baserte på dei premissane og vilkåra som Årim jobbar med i sitt utkast til renovasjonsteknisk plan. Dette meiner vi er viktig, dels fordi det er nyttig med fagleg utveksling, men først og fremst fordi plankonsulentar og utbyggarar ofte jobbar i fleire kommunar. Då er det nyttig og rasjonelt for dei å møte same vilkår i fleire kommunar.

Om endringane i retningslinjene:

- Hovudprinsippa er uendra: utbygger etablerer og kostar anlegget, VØR tek over ved driftssetting. VØR eig anlegget og kostar evt fornying, medan brukarane har ansvar for ordinært vedlikehald som td snømoking.

- Det er lagt opp til ein viss fleksibilitet i høve til talet på bueiningar ved etablering og ikkje ei eksakt grense ved tal bueiningar. Erfaring viser at det kan vere aktuelt å knyte også eksisterande abonnentar til slike anlegg. I enkelte tilfelle kan det vere aktuelt for VØR å delta i medfinansiering av slike anlegg der særskilde tilhøve tilseier det, td krevande hentesituasjon.
- Fem fraksjonar vert innarbeidd som eit krav for alle anlegg.
- Tekniske krav, arealkrav og avstandskrav er konkretisert. Krokløysing, drenering, innkastsystem og klargjering for adgangskontroll er viktige vilkår å få klargjort før anlegga vert sett i bestilling og etablerte.
- Klare vilkår om skriftleg avtale før etablering og at det skal haldast overtakingsforretning.

Hans Peter Eidseflot

Dagleg leiar

Vedlegg:

- Retningslinjer for nedgravde avfallsanlegg – revidert juni 2023